



Stian Andre Raunehaug
Leknesvegen 111
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1562 - 19/11432

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
08.04.2019

Igangsettingsløyve for bustad og frittliggande garasje samt etablering av avløpsanlegg - gbnr 195/71 Leiknes

Administrativt vedtak. Saknr: 206/19

Tiltakshavar:

Ansvarleg søkjar: Stian Andre Raunehaug

Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting av oppføring av bustad i tre etasjar og frittliggande garasje med tilhøyrande anlegg for veg- vatn og avløp. Dette innbefattar etablering av slamavskiljar og påkopling på eksisterande utseppsleidning til sjø tilhøyrande gbnr 195/13, etablering av borehol på eigen eigedom, etablering av ny avkøyrsel og tilkomstveg mot Fv. 391, oppføring av garasje, forstøtningsmur mot sjø og terrengoppfylling i form av steinfylling dekket med jord.

Kommunen har i vedtak av 08.03.2019 gjeve rammeløyve.

Det vert elles vist til søknad mottatt 20.03.2019 og supplert 22.03.2019.

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 22.03.2019 og frist for sakshandsaming etter forskrift om byggesak (SAK 10) § 7-1, 1. ledd, bokstav b, er 3 veker frå denne dato, jf. SAK 10 § 7-2.

VURDERING

Vilkåra i rammeløyve er dokumentert stetta og igangsettingsløyve for tiltaket kan gjevast.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg med bakgrunn i rammeløyvet av 08.03.2019 søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i 1, forutan tiltaksklasse 2 for forstøtningsmur mot sjø.

Tiltaket er belagt med ansvarsrett for avløp/rørleggjararbeid (etablering av avløpsanlegget og avløpsleidningar) samt forstøtningsmur mot sjø i tiltaksklasse 2. Tiltakshavar har søkt ansvarsrett som sjølvbyggjar etter SAK § 6-8 for resterande funksjonar og ansvarsområde i tiltaket.



Tiltakshavar har etter kommunen si vurdering sannsynleggjort at arbeidet vil bli utført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova.

Det er ikkje samsvar mellom gjennomføringsplanen og ansvarsrettar. Sjølvbyggjar sine ansvarsområde er ikkje nedfelt i gjennomføringsplanen. Gjennomføringsplanen for dei ulike ansvarsområda må rettast.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1, jf. § 21-2, 5.ledd vert det gjeve løyve til igangsetting av heile tiltaket for oppføring av oppføring av bustad i tre etasjar og frittliggande garasje med tilhøyrande anlegg for veg- vatn og avløp på følgjande vilkår:

- Rammeløyve av 08.03.2019 med vilkår gjeld for tiltaket.
- Avkøyrsløve til offentleg veg skal vere godkjent av vegstyresmakta.
- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.
- Gjennomføringsplanen for dei ulike ansvarsområda må rettast.

Med heimel i Forskrift om saksbehandling i byggesak § 6-8 gjev kommunen godkjenning på søknad om ansvarsrett som sjølvbyggjar for resterande funksjonar og ansvarsområde i tiltaket.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.
2. Det skal dokumenterast med foto at fritidsbustad er riven.
3. Det skal dokumenterast forsvarleg adgang til hygienisk betryggande og tilstrekkeleg drikkevatt, samt sløkkevatt, jf. pbl. § 27-1.
4. Avkøyrsla er ferdig opparbeida i samsvar med deira førehandstilsegn, datert 05.11.2019, og endeleg godkjent av Statens Vegvesen, sjå mellombels løyve til avkøyrsløve, datert 22.03.2019.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/1562

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Stian Andre Raunehaug
Stian Andre Raunehaug

Leknesvegen 111 5915
Leknesvegen 111 5915

HJELMÅS
HJELMÅS